

# Halling- lom



Lagblad for Hallinglaget - i Oslo -  
- N.R. 1/19

# **INNHOLD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Årsmelding for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Årsmelding for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>11</b>
<b>Minikurs i hallingspringar</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for vinteren/våren</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Det grøne skiftet</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Snømåking på Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>Minneside vener av laget</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

# Fyriord

## ***Godt nyttår alle saman! Året er 2019!***

Nok eit aktivt danseår ligg bak oss, øvingane annan kvar onsdag går rimeleg bra! Takka være våre gode spelemenn/ kvinner blir me lyfta rundt i dansen og folk liker tydelegvis å danse hallingspringar. Og mange skriv seg på kakebakarlista vår slik at me stort sett har heimebaka kake kvar gong. Det er bra for miljøet og det er også veldig bra at det oftast kjem omrent like mange kvinner som menn! Sjølv om det ikkje er sjeldan at det kjem fleire kvinner; for Hallinglaget har veldig mange fantastiske dansejenter! Så eg må minne dei mannlege danserane i laget om å stille opp for at dansen skal bli best mogeleg! Ein artig variant me vil satse på no, i alle fall når me ikkje er like mange menn som kvinner, er at me alle går ut på golvet og bytter dansepartner ofte, 2-3 gonger pr. låt. Personleg synes eg at springarøvingane våre er særskilt viktige, og det at me klarer å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden skal me vera stolte av. Ja, lat oss danse over glatte golv til kjente tonar frå Hallingdal – *det gjer glede i kropp og sjel!*

Som Brit Totland, leiar i Valdreslaget, så fint sa det i eit fyriord i deira lagsavis Valdresheimen: « ... eg er stolt over det vi faktisk held på med. Vi er ein gjeng som verkeleg held på tradisjonar og er ein del av noko stort! Dette skal vi halde fram med.»

Det eg er aller mest nøgd med i året som gjekk er alle dei fine springarøvingane me har fått til, det store Helgekursset i hallingspringar og den fine Juleavslutninga med topp dansespel av Birger Liahagen og sonen Herbjørn Liahagen. Me i Styret synes det er så moro når folk møter opp! Det er særskilt viktig at folk stiller opp når me skipar til noko, elles vil mismotet kome sigande! Alle me i styre og stell håper at folk også i framtida vil verne om den norske kulturen.

Bygdelagssamskipnaden (BLS) arbeider no aktivt med få til ei fornying av aktivitetane i Nordahl Bruns gate 22 og støtter aktivt opp med laga, med rimelege dansesalar og vil bidra meir på PR sida framover. Litt meir PR og hjelp til marknadsføring kan gje laga og BLS den naudsynte framgangen dei treng. BLS planlegg eit PR-stunt for folkedansen og folkemusikken i hovedstaden. Stuntet, som har fått tittelen «Trekspill og folkedans på Oslos ‘dansarstein’» vil finne stad på Munch-punktet (ved sida av skulpturen Skrik/»The scream») i Ekebergparken skulpturpark ovenfor Gamlebyen i Oslo, *onsdag 22. mai kl. 18.00!* Her vil dansera frå det folkelege dansemiljøet danse, mellom anna ein hallingspringar eller to. PR-stuntet vil bli gjennomført som dugnadsinnsats fra dei involverte, der både spelemenn og danserar stiller opp. Hallinglaget håper/har lovt å stille med minst to par i bunad for å skape blest om BLS og dansemiljøet. Etterpå vil me samlast på Olympen restaurant som var ein kjent samlingstad for trekspelmusikken før krigen! Som leiar har eg kanskje lovt meg bort? - men eg håper inderleg at eg ikkje blir aleine denne kvelden! Det vil kome meir informasjon om denne tilskipinga framover for vår meldem Bjørn Aasheim er initiativtaker til dette arrangementet og er ei oppkomme av idéer. Bjørn vil også kome innom på ei springarøving med toraderen sin, slik at me kan øve på ein hallingspringar eller to. Profesjonell film-fotograf er bestilt til dette PR-stuntet!

Hallinglaget kunne vore flinkare til å prøve nytt, men prøver ein på noko nytt så er tilbakemeldingane därlege! Det synes ikkje å vere interesse for noko anna enn å danse? - i alle fall ikkje til no! Det å skipa til konserter kunne skape blest; Per O Noss er klar for ein ny konsert i november, om me vil? Det som antakeleg blir noko av er ein stor kulturkveld/folkedanstreff ein laurdag i september. Der håper alle i BLS at mange vil koma innom for å danse. Elles er *konklusjonen vår so langt at me gjer det me kan enno betre!* Så me satsar på gode og varierte øvingskveldar. Når det er meir enn fem par på golvet i Blåsalen så er det skikkeleg moro, og det er god sosial trim! Alle me som dansar er veldig glade om nye møter opp og me prøver å ta imot nye så godt me kan. Om folk treng det vil me også ha litt instruksjon på øvingane. Det er mange gode

dansera i laget som kan mykje og som ein kan lære av ved å danse med dei! Hallinglaget håper at mange støtter opp om dansen slik at dette dansemiljøet kan leve videre.

Årsmøtet vårt i år er 27. februar, og eg oppfordrar alle medlemer og andre med interesse for laget til å møte opp og si kva dei meiner. Her vil me diskutere visjonar og planer for framtida for laget. Dei viktigaste aktivitetane som må drivast vidare er dansemiljøet i Nordahl Bruns gate og hyttelivet i Lillomarka. Sjå årsmeldingane for laget og Hallingbu.

Ei nemnd det også kan være interessant å vere med i er Eigedomsnemnda i BLS, for der gler dei seg over god økonomi i garden vår slik at det er mogeleg å få gjort noko. No finns det pengar til oppussing og modernisering. Då er det sjølvsagt moro å drive på. Og dette er viktig, for det er ikkje nok å ha pengar, ein må ha folk til å drive på også. Elles blir det ofte å kaste pengane ut av vindauge.

Hallinglaget treng også medlemer som vil melde seg inn i laget, for så får me større tyngde og betre økonomi. Så det er kjempefint om folk nyttar medlemsgiroen som ligg ved denne avisā.

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22! Bli med å dans i året som kjem ...***

*Beste helsingar  
frå Terje Grangård  
Leiar i Hallinglaget*



Fotograf: Svein Aasen

Hallinglaget skipa også hausten 2018 til eit særslig helgekurs i hallingspringar, der det var over 30 deltakera både laurdagen og sundagen. Også mange ungdomar var med. Ein stor takk til alle som kom og dansa og til dei fantastiske instruktørane Sina Myhr og Knut Skrindo og ikkje minst til vår gode spelvinne gjennom meir enn 20 år Hilde Kirkebøen. Hilde kom nedover frå Ål for å spele for oss.

# **INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2019 I HALLINGLAGET I OSLO**

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 27. februar kl. 19.00  
i  
Blåsalen  
Nordahl Bruns gt. 22.**

## **Sakliste:**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2018
4. Godkjenning av rekneskapen for 2018
5. Arbeidsplan for år 2019  
Selje Hardingfela om me får minstepris 35 tusen.  
Arbeid på Hallingbu, minimum nytt gassapparat og ny Jøtul 602 i midtrommet.
6. Fastsettjing av prisar og medlemspengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Diskusjon:  
Visjonar for framtida for Hallinglaget og BLS

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 14. februar 2019.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2018, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

# Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2018

## **Styret:**

Leiar: Terje Grangård.  
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen.  
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.  
Skrivar: Heidi Wie.  
Styremedlem: Else Mohn.  
Styremedlem: Olav Arne Løstegaard

## **Hyttestyre:**

Hyttesjef: Else Mohn  
Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Bladstyre:** Terje Grangård, Else Mohn og Svein Aasen.

**Danseleiar:** Knut Skrindo.

**Valnemnd:** Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

**Revisor:** Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 28. februar i 2018. Dette året hadde Hallinglaget 28 fullt betalande medlemer og 11 bimedlemer. Av medlemene var det ingen personar under 26 år, så me er ikkje noko ungdomslag lenger – men dansegleda er stor! Det er seks færre medlemer enn i fjor, så me må skjerpe oss framover. Antall medlemer er særskilt viktig for laget, så bruk innbetalingskortet! Skal Hallinglaget overleva på sikt må me også ha rekruttering. Laget håper å få med fleire medlemer neste år. Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år og bli medlem (kun 250 kr.), for dei over 26 er det 380 kr. i 2019.

Dette året har vore eit særskilt godt dansår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2018 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22. Det var godt og variert spel på desse øvingane, der både Elise Tegnér, Helga Myhr, Sina Myhr, Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset og Atle Haugen spelte for oss på hardingfele. Atle «redda oss» utover våren for då var mange spelemenn opptekne på anna hald. Etter siste springarøvinga (6. juni), tok nokre av oss ein utepils på St. Olavs plass. Då opplevde me kor fint det kunne vere i hovudstaden ein vårveld.

Hausten 2018 hadde Hallinglaget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Denne hausten hadde me ei utruleg liste med gode spelemenn/kvinner – laget rettar ein stor takk til alle dei som spelte for oss! : Helga Myhr, Sina Myhr, Åsmund Fauske Jøtun, Kjetil Meberg Myhren, Eilev Groven Myhren, Atle Haugen, Ola R. Imset. På juleavslutninga Birger Liahaugen og Herbjørn Liahaugen og på helgekurset Hilde Kirkebøen. På nesten alle øvingane har me heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har eit oppmøte på 10 - 20 personar. Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker alle som kjem og dansar og bidrar til det gode samhaldet i laget.

Dette året har me hatt fem styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Styremøta har vore i Nordahl Bruns gate, på onsdagar før springarøvingane startar opp. Stemninga på styremøta er god og til mat er pizza servert. Hallinglaget brukes nå også Facebook i PR-arbeidet saman med e-postar og Web-sidene som har vore brukt i mange år. Styret oppfordrar alle til å møte opp på eit av våre arrangement i ny og ne for det gjev framtidsvon for laget.

Hallinglaget arrangerte 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året (4. februar og 23. sept). Minikursa startar kl. 18.00 og varer i ein og ein halv time, før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar 15-20 deltarar i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til Knut Skrindo som gjorde desse kursa mogeleg. Knut sørger for god instruksjon på desse kursa og Atle Haugen spelar stødig hallingspel, for levande musikk er sjølv sagt best! Merk dykk at desse minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørospols til springleik. Heldigvis er hallingspringaren så populær at minikursa går i balanse. Også fordi at dei som heldt det ikkje krev så store honorar! Hallinglaget satsar på desse minikursa og vil halde fram med dei. Knut Skrindo er vår glimrande danseleiar som kjem innom på nokre øvingar, han får kveika opp dansen og inspirerer oss til innsats. Laget takkar Knut hjertligst.

Nokre medlemer i Hallinglaget vitja også i år Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (24. mai - 28. mai). Underteikna fekk med seg underhaldninga torsdag/fredag som alltid er bra (Quiz, Frokostspringar og Intimkonsertar). I år var det framleis Festival med stor F, med stort telt framom Sundrehall. Her var det varierte konsertar og framsyningar, og med særskilt godt vær slik at ein også kunne danse ute. Desse dagane gjer ei god oppleveling kvart år; folk i alle aldrar koser seg inne og ute.

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var onsdag 13. juni i godt sumarvær! Terje reiste opp tidleg for å være med på ein branninspeksjon frå Brannvesenet. Den skulle skje alt kl. 09:30! Då ringte det på mobilen og dei lurte på kor Hallingbu var! Etter ei kort avklaring fann me ut at det beste var og møtast på stigen! Nede på stigen til den blå løypa var det ikkje mindre enn tre branninspektørar! Dei myldra rundt på Hallingbu og fant alle svakheter! Skal peisen brukast vidare må både takstige og feieplattform på plass! Å få alt dette på plass på det gamle bølgeblipptaket blir ikkje lett og vil svekke taket vesentleg! Inspeksjonen gjekk snøgt og så vart det å vente til ca kl. 18 då folket kom (Else, Trond, Michel, Svein, Heidi, Jette, Hilde, Geir og Johnny). Alle som møtte opp var svært nøgde og maten smaka som aldri før. Det er veldig moro at folk kjem på turane våre. Det er eit lite referat frå denne turen i Hallingljom 2/18. Merk dykk at alle som kjem seg til Hallingbu blir ekstra glade og nøgde.

Det vart ikkje deltaking i Lagdans for Hallinglaget på Landskappleiken i år heller, no er det tre år me ikkje har stilt lag! Men med Landskappleik i Trysil hadde eg bestilt overnatting eitt år i fyriegen! Det vart minneverdige dager sjølv om Hallinglaget var sterkt fråverande. Eg hadde mellom anna triveleg samvær med ungdomane i BUL og med dansarlaga i Hallingdal. I år skipa Ål- og Gol Spel- og Dansarlag til eit triveleg treff med spekemat på den kaldaste fredagskvelden eg opplevde i sommar! Trivelegare gjeng enn ålingane og golingane skal ein leite lenge etter og hallingan hadde den beste spelemannen til å spele for seg, ein oppspelt Øyvind Brabant – som hadde eit minneverdig CD-slepp i Trysilhallen dagen etter. Under landskappleiken prøver underteikna å gjera Hallinglaget kjent for folk og få med folk på Helgekurset som laget skipar til kvar haust.

Hallinglaget skipa også dette året eitt særskilt bra helgekurs i hallingspringar, helga 27. - 28. oktober. Dette kurset vart særskilt bra med mykje nytt, instruktørane kom ustanskeleg med nye spanade turar! Folk lærte veldig mykje og var veldig nøgde. Ein stor takk til instruktørane Knut Skrindo og Sina Myhr. Dei gav alt og dansegleda deira smitt over på deltarane. Det var over 30 deltarar begge dagane, sjølv om heile seks falt frå etter laurdagen så kom det nye til. Dansespelet til Hilde Kirkebøen var som ein draum og me gleda oss veldig over att ho kom nedover til Oslo for å spele for oss desse dagane. Maten som kvinnene i Styret/Laget laga smakte godt som vanleg, og eg trur at nokon kjem att kvart år på grunn av den. Dessutan får ein ikkje dansa meir hallingspringar enn denne dansehelga nokon stad! Heile Styret deltok og då er det moro å vere leiar! Det er heldigvis mange som melder seg på desse kursa, så me vil halde fram med dei! Desse kursa er faktisk det beste Hallinglaget får til kvart år, me har no halde kurs i dei siste tredve åra! Det er me skikkeleg stolte av (sjå bilde etter fyriordet!).

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 4. mars og 30. september. Det er normalt for lite folk som møter opp! - så alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er normalt eit godt minikurs og ei god spelgruppe som spelar til dans. Om folk ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Eg foreslår at me satsar på ein sundag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen. Til døme når me sjølve har minikurs, 4-5 timer dans for berre kr. 130,- (kun kr. 80,- for studentar):

Oslokappleiken på Riksscena, laurdag 10. november, var i år særsla bra arrangert og dei «beste»/største klassene tevla i Storsalen, dei andre klassene på intimscena. Eg vart glad over kor mange ungdomar som var med og tevla. Her var det også full fart med lagdans, sjølv om ikkje Hallinglaget var med. Bollen vår overlevde enno eit år (#Hedmark har alt to napp) for det var Svein Aasen og venene hans frå mange Landsfestivaler som vant heile greia! Elles var det ein innhaldsrik Folkelarm (8. – 10. nov.) som i fjar - med seminar, konsertar og noko dans på kvelden. Underteikna kjøpte gjennomgangsbillett og var relativt nøgd sjølv om han ikkje fekk dansa metta si. Kaféen er for trøng når det er 100 som vil danse og dansen i kjelleren startar først etter at trikkene har sluttat å gå! Beste enkeltutøver var Johanne Flottorp på hardingfele – som hadde 3 showcases der ho imponerte kvar gong.

På Juleavsluttinga den 5. desember hadde Hallinglaget gildt besøk av Birger Liahagen frå Gol og sonen Herbjørn Liahagen frå Hamar. Dei spelte framifrå på henholdsvis trekkspel og hardingfele, både solo og i gnistrande samspel, som gav særsla variert dansing. Det vart spelt både hallingspringar, pols og gamaldans på ein måte som alle likte! Det vart først servert gløgg, småkaker og klementiner, før det etter ein time vart bordsete der me kosa oss med gode heimelaga rundstykkje og kaker, før me sette i gang med dansen att. Det var gildt å få besøk frå bygdene, alle følte det var ekte hallingspel denne kvelden. Ein stor takk til alle som kom, denne kvelden gav framtidsvon til laget.

Det har i mange år vore slitsamt å leige ut hardingfela til Hallinglaget og det har heller ikkje gjeve inntekter til laget. Det er difor bestemt at laget skal selge hardingfela, ei Einar Løndal fele frå 1983, for minstepris på kr. 35.000,-. Ein person har sett på den, han likte den, men hadde ikkje pengar. Hallinglaget vil i løpet av kort tid legge den ut på finn.no, og laget vil få den vurdert av nokre av dei glimrande spelemennene/kvinnene som laget har for tida. Kanskje ein liten videosnutt med fela hadde gjort seg, for fela har ein kraftig og god klang. *Interesserte kjøpere bes kontakte laget!*

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver, men dei kostar pengar. Så papirkopier bli no berre sendt ut til medlemer, til dei som kjem på øvingane og til dei som er nemnt i bladet. Dei andre får avisar på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net). Her ligg også dei siste utgåvene av Hallingljom lagra.


Hallinglaget støtta Cd'en til Øyvind Brabant som kom ut og som vart sleppt under Lanskappleiken i Trysil dette året. Alle som var der gløymer det ikkje og me vart mektig imponert over spelet til Øyvind. Hallinglaget har sikra seg nokre få CD'ar til salgs til interesserte. Når Øyvind pensjonerer seg om nokre år må me få han nedover til hovudstaden for å spela for oss på ei øving. Då vil det nok bli fullt med folk og liv og dans i Nordahl Bruns gate 22.

Dette året fekk Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal, Skue Sparebank og frå Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå. Tilskipingane våre har også dette året gått relativt bra. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til eit nytt år. Dette året er Hallinglaget heile 120 år.

*Leve Hallinglaget!*

*26. jan 2019,  
Terje Grangård*



*Bind deg ein blomekrans! Else Mohn sørger for fine blomar når me er på Hallingbu, ei perle av ei lagshytte i Lillomarka. Fotograf: Svein Aasen.*

## Årsmelding Hallingbu 2018

Terje har som alltid vori ein aktiv snømåkar, og i ein snøvinter utan like - gjerne eitt par turar med måking! Sjå eigen artikkel om snømåking side 17! Men våren kom til Hallingbu au, og med den fine turar te hytta me er så heldige å ha i laget. Mellom anna ein dugnadstur der me fekk gjort mykje ymse oppgåver, bada og nydt gode måltider i lag.

Ein fin spikjikjøttur vart det i mai, der heile 10 personar deltok. Ein stor takk til dei som deltok på turen (Else, Trond, Michel, Svein, Heidi, Jette, Hilde, Geir, Johnny og Terje).

I haust har Terje vori oppe med nytt brannslokkingssapparat, og hatt fleire turar for montering av ventil i stua. Det er ikkje gjort i ein handvending å bore seg gjennom hyttas tømmervegger med eit manuelt bor så da vart det å overnatte på to av turane.

Sidan det har det vori stilt på Hallingbu, så det vert spennande til våren om ventilen kan hjelpe noko på trekken i pipa.

Etter branninspeksjonen dette året vart det fatta at me må montere takstige og feieplattform på taket. Dette har me frist på te høsten 2019, og me har prata godt rundt dette og kommi fram te løysingar og tenker oss ein bra dugnad te sumaren. Nå gjenstår det å høyre ordentleg med ein dyktig håndverkar om kor mykje dette vil komme te å belaste bølgeblekktaket. Det er allereie stor belastning på taket med dei snømengdene som kjem kvart år og ikkje alt for mange andre enn den trufaste leiaren i laget te å måke.. Eit alternativ er å ikkje bruke peisen lenger, men heller sette inn ein ny ovn i midtrommet. Om me da vil sleppe montering av stige og plattform på taket kan dette om mogleg vera eit godt alternativ.

Det hadde vore ynskjeleg å få rydda ned noko skog rundt hytta slik at utsikten ned te Ormtjenn og hytta over vatnet te Gisela ikkje forsvinn heilt, da får me au meire ved å fylle i uthuset, beint ut ein vinn-vinn situasjon.

Håpar på gode turar, og det er det jo alltid på Hallingbu, alle er velkomne te å bli med, uansett kva ein ynskjer å sysle med, eller bare late seg på den finaste plassen i skogen!

Godt nytt år, Else



Hallingbu med veldig mykje snø (>1,5 meter) vinteren 2018.

## MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag 3. februar i Halli kl. 18:00

Her har ein den store mogelegheten til å få ein god gjennomgang av hallingspringaren, samt få dansa mykje i den kjempefine salen Halli, som har det beste dansegolvet i hovudstaden.

Instruksjon frå 18:00-19:30 ved **Knut Skrindo**, A-klasse dansar og pedagog frå Oslo med røter frå Ål.

Dansespel frå 18:00-19.30 ved **Åsmund Fauske Jøtun**, hardingfelepelar og dansar frå Gol.

Her kan alle få friska opp/prøvd seg på hallingspringaren! Dette kurset vil passe både for nye og røynde danserar. Etter dette minikurset kan ein danse vidare på Folkedanskvelden som vil vare frå 19:30-22:30. Her vil Elise Tegner med vener spele og det er rimelege vafler å få kjøpt!

**Inngangspengar: 130 kroner (80 kr. for studentar) som gjeld for heile kvelden,**

Etter eit slikt kurs er ein meir enn klar for øvingskveldar i Hallinglaget (sjå bilde). Her kan ein også få litt instruksjon og ein lærer best ved å danse med folk som har dansa før! Og i Hallinglaget bytter me dansepartner ofte – det er då ein lærer best!



Frå ei springarøving i Hallinglaget hausten 2018. Dansen går over glatte golv!

Frå venstre: Else og Edvin, Jette og Johnny, Therese og Svein, Gro Sissel og Simon, samt Åsmund og Ingrid. Elles skimtar ein Ragnar som står og Bjørn som sitter, så dette er ei av dei skjeldne øvingane der det var fleire menn enn kvinner! Fotograf: Terje Grangård

# Hallinglaget i Oslo – Hausten 2019

## Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

### **Det er springardansing desse onsdagane:**

<b>16. jan.</b>	Springarøving kl. 19.00.	- Sina Myhr spelar!
<b>30. jan.</b>	Springarøving kl. 19.00.	- Åsmund Fauske Jøtun spelar!
<b>13. feb.</b>	Springarøving kl. 19.00.	- Atle Haugen og Ola R. Imset spelar!
<b>13. mar.</b>	Springarøving kl. 19.00.	
<b>27. mar.</b>	Springarøving kl. 19.00.	- Ulf-Arne Johannessen spelar!
<b>10. apr.</b>	Springarøving kl. 19.00.	
<b>24. apr.</b>	Springarøving kl. 19.00.	- Sina Myhr spelar!
<b>8. mai.</b>	Springarøving kl. 19.00.	- Helga Myhr spelar!
<b>5. jun.</b>	Springarøving kl. 19.00. Utdeling av diplom til ihuga dansarar. Ut å ta ei øl etter siste øvinga før sumaren.	

### **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**Sundag 3. februar: Minikurs i hallingspringar,  
før Folkedanskvelden kl. 18.00.**

**Gnistrande dansespel og super instruksjon i 1,5 timer  
Møt opp!**

**Onsdag 27. feb: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!**

**Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Medlemer oppfordres til å møte!**

**Sundag 10. mars:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.  
Her blir det liv og røre, så møt opp, dans deg glad og kjøp våre gode vafler!

**Onsdag 22. mai kl. 18.00: PR-stunt/dansing i Ekebergåsen ved Munch punktet!**

**23. mai – 26. mai: Folkemusikkveka på Ål!**

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!  
Hallinglaget vil leige ei hytte eller to i Satakroken som vanleg ...

**Onsdag 12. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!**

**26. juni - 30. jun: Landskappleik i Vågå!**

**Her blir det liv og mykje dansing!**

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

**Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)**

**Facebook: Hallinglaget i Oslo**

Vipps: 48034943

### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (48 20 46 52), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), ([beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com))

Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), ([gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no))

## Det Grøne Skiftet i Gol og Hemsedal?

Det har lengje vore skrive mykje om kor viktig det er å satse på tiltak for å betre folkehelsa og ikkje minst å prioritere tiltak som kan redusere utslepp av klimagassar. Begge kommunane har dette som ein viktig visjon nedfelt i kommuneplanane sine. Men korleis blir gode visjonar følgt opp i praktisk handling?

Her har eg eit døme som viser prioriteringar som har vore gjort i slike viktige miljøsaker.



Biletet over viser riksveg 52, bilvegen mellom Gol og Hemsedal . På den sida av vegen som vender mot elva er skog og kratt rydda vekk. Alt er lagt til rette for at bilisten skal få fin utsikt og gode opplevelingar langsetter vegen, som også har fine rastepllassar og toalett.



Biletet til venstre er henta frå det same området, men på hi sida tå elva, vestsida. Her går det ein merka sykkelveg mellom Gol og Hemsedal. Tett buskas og kratt stengjer utsikten frå vegen på alle kantar. Eg ser rett og slett berre kratt og mygg og ein himmel rett der uppe! Greiner og kratt stengjer også ein god del av vegtraseen. Her har innsekt og mygg gode dagar. Bra for det biologiske mangfaldet, men ikkje like moro for den som vil ut å trimme på sykkelen. Vegen er full av hol og stein og djupe spor etter flaumar og ekstremvær. Og såleputtar er det rikeleg av i begge hjulspora. Altså, ein ganske anna standard på denne skjelta sykkelvegen enn det er på bilvegen rett over elva.

Og endå verre, lenger inne har elva Vola, ruska tak i sykkelvegen og etterlate djupe krater på begge sider av betongbrue som går over elvelaupet, sjå biletet neste side. Her bør du ha ein ekstrem god terrengsykkel og ikkje minst svært god balanse hvis du skal ha håp om å kome deg over, på dette som altså er ein merka sykkelveg mellom Gol og Hemsedal.

Somme vil kanskje spørje: Kan ikkje syklistane ta riksveg 52 saman med bilane? Problemet er at på riksveg 52 er det svært stor biltrafikk med mange store vogntog som til tider møtast, og då er det slett ikkje plass til syklisten. Han blir mosla mellom rekkverket og vogntoget, det kjennes i alle fall slik ut for den som har prøvd å sykle etter denne vegen.

Sjølv sagt unner eg bilistane god veg, men kvar er viljen til å satse framtidsretta og på det grøne skiftet, teinkjer eg. Kvifor er det ofte slik at dei som ynskjer å ta eit miljøansvar for eigen helse og for komande generasjonar, slik politikarane ber oss om å gjere i fine kommuneplanar, skal kome nederst på prioriteringslista. Mens bilistane, som spyr ut klimagassar så det held, skal ha høgaste priorititet og alle fordelar. Her er det noko som ikkje heng på greip!



Er det vilje til å handle etter dei grøne visjonane i kommunane Gol og Hemsedal? Dei to kommunane kunne gå saman om å heve standaren på denne merka sykkelvegen slik at vanlege folk og turistar kunne våge seg ut på denne flott sykkelturen etter denne fine elva, Hemsila. Her ligg det eit stort potensiale ikkje minst for reiselivet. Kva med å rydde skog og planere rastepllassar etter vegen på den sida som vender ned mot elva. Då kunne den miljøbevisste sykkelturisten finne gode opplevingar etter elva som bading, telting og fiske. Med andre ord, gode aktivitetar for heile familien! Og ikkje minst: Sykkeltrim er bra for folkehelsa.

Då ventar eg spent på om politikarane i Gol og Hemsedal klarer å omstille seg til eit grønt skifte. Eller blir det berre med fine ord i kommunale planer?



*Olav Arne Løstegaard, syklist etter Hemsila*

## Bildekavalkade om snømåking på Hallingbu!

Alle snøbilder er tatt av Terje Grangård



Når skiltet til Hallingbu er i knehøgde, veit ein at det er mykje snø! Tungt å gå siste strekket frå Sinober!



Så må ein bakse fram den digre stegan som heng på bakveggen. Når den er på plass er ein varm i trøya!



Taket på Hallingbu er digert å måke når det er 1,5 meter snø over det heile. Då må ein spa seg oppover så ein kjem seg opp til mønet. Ein time går fort her på taket og alle som vil måke bør ha med seg skift med turre trøyer, slik at ein kan skifte klær etterpå! Måker ein av 100 kg pr. min, blir det 6 tonn i timen!



Oppe på mønet svimlar det for ein, Hallingbu er Veldig høg og ein føler seg på toppen av verden! Merk dykk at taket er bratt, så ein ikkje faller ned! Eg har gjort det eit par gonger – det har gått bra! Måk godt rundt pipa slik at det er lite snø på oversida av denne. Pipa er om lag 1,8 meter høg!



Etter at snømåkinga er «ferdig», er det fint å sjå at pipa er kome fram att og vil stå enno eitt år!



Men eg må si at Hallingbu er best om sommaren, det er ei kjempefin sommarhytte!  
Fotograf: Svein Aasen

## Gode støttespelarar for Hallinglaget har gått bort i 2018.



*Kvil i fred Embrik Bergaplass (1925-2018).*

*Sjølve nestoren for bygdedans på durspel i Noreg. Ein stor inspirasjon! Det vert durabeleg danselæte der oppe no, for det var som Kortgard'n sa "Ein skal vere bra dauv om ein ikkje høyrer takta her!"*

Sjå link til eit TV-program nedanfor:

<https://tv.nrk.no/serie/folk-og-musikk/1990/FMUS20004690/avspiller>

Min kommentar:

Embrik var ein av dei første store spelemenn eg møtte – og som gjorde at eg fekk augo opp for folkemusikk og folkedans! Eg høyrdet takta! Han spelte i Hallinglaget på slutten av 80-talet – på Veterinærhøgskola – makelaust! Makan til triveleg kar skal ein leite lenge etter. Du hadde noko av det norske grunnfjellet i deg! *Takk for alt Embrik!*



*Kvil i fred Oddvar Vestenfor (1930-2018).*

Ein stildansar og kjernekarakter frå Ål som kom nedover til Oslo og heldt eit par gode heltekurs på 80-talet saman med Nina Berge, også frå Ål. Oddvar var med på å forme dei Heltekursa som Hallinglaget har halde på med dei siste 30 åra; og utan dei trur eg ikkje at Hallinglaget hadde overlevd! – i 120 år!

Kortaste beskriving av Oddvar er vel gjort av Hallgrím Berg: «Noregsmeister i bygdedans, Noregsrekorden i karbonadesmørbrød, servert av Ål kommune i hans 34 år i offentlege verv, varaordførar og dei mange utval, pluss har marsjert og spelt i korps (guttemusikken og vaksenmusikken) i 71 år!»

Alltid så fint å treffen Oddvar, han visste mykje om så mykje! *Takk for alt Oddvar!*

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2019**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
  - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 

### **Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.**

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### **Hallinglaget i Oslo**

Webside: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net), Facebook: Hallinglaget i Oslo

## Folkedanskveldar vinter/vår 2019

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>Januar '19</u>		
06.	Folkedansnemnda / Fanteladdene	Springleik
13.	Numedalslaget / Rusten & Strengård	Folketango
20.	Sogn og Fjordaneringen / Bærum spelemannslag	Bingsjøpolska
27.	Symra / Symradern og Att og fram	Springar frå N.Sunnmøre
<u>Februar '19</u>		
03.	Valdreslaget / Elise Tegner med venner	Hallingspringar
10.	Hordaringen / Steinsgårdskroken	Rørospols
17.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølenes	Bodapolska
24.	Avlyst – pga. Rørosmartnan!	Avlyst
<u>Mars '19</u>		
03.	Symra / Farande Fant	Stildans
10.	Hallinglaget / Eiker spelemannslag	Telespringar
17.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølenes	Bingsjøpolska
24.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
31.	Telelaget / Bærum spelemannslag	Folkeswing
<u>April '19</u>		
07.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Folkeswing
14.	Avlyst – Palmesøndag	Avlyst
28.	Symra / Dølalæte	Stildans
<u>Mai '19</u>		
05.	Hordaringen / Feleboga	Springleik
12.	Avlyst – Rørosleken!	Avlyst
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs!
26.	Folkedansnemnda / Golaget	????

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns GT 22 i Oslo.**

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

**Inngang minikurs:** Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld! Berre kr. 80,- for studentar.**

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

# **Styret i Hallinglaget 2018–2019**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: <a href="mailto:beritsatelier@hotmail.com">beritsatelier@hotmail.com</a>
<b>Kasserar:</b>	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: <a href="mailto:gst@cultura.no">gst@cultura.no</a>
<b>Skrivar:</b>	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: <a href="mailto:heidi.wie@asker.kommune.no">heidi.wie@asker.kommune.no</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Olav Arne Løstegaard Magnetunvegen 5, 3550 Gol	Tlf: 917 90 924 -mobil E-post: <a href="mailto:olaval1403@osloskolen.no">olaval1403@osloskolen.no</a>

---

## **Bladstyre for Hallingljom:**

**Leiar:** Terje Grangård  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo      Tlf: 482 04 652  
E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

## **Hyttestyre for Hallingbu:**

**Leiar:** Else Mohn      Tlf: 958 79 270  
Reshjemveien 247, 3677 Notodden      E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Danseleiar:** Knut Skrindo      Tlf.: 413 12 790

**Revisor:** Alix Cordray      Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

## **Hallinglaget på nettet:**

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)      Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bl.no](http://www.bl.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no).

Hallingbu



{P}{B}

32%